



## SAKSPAPIR

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Saksgruppe næring og utvikling	21.10.2015	032/15
Kommunestyret	10.11.2015	101/15

Saksansvarleg	Arkiv	Arkivsaknr
Gerhard Inge Storebø	N - 700	15/1759 -

### PLANPROGRAM REGIONAL TRANSPORTPLAN HORDALAND 2018-2029

#### Samandrag av saka:

Hordaland fylkeskommune har vedteke å fylgja opp målet om å rullera Regional transportplan Hordaland kvart 4.år. Det er utarbeidd framlegg til planprogram for slik rulling. Dette planprogrammet er no på høyring.

#### Saksutgreiing:

Den første regionale transportplanen for Hordaland (RTP) vart vedteken i 2012. Planperioden for den planen er 2013-2024. Gjeldande handlingsprogram er vedteke for perioden 2015-2017.

Neste nasjonale transportplan (NTP) vil gjelda for perioden 2018-2029. Den planen er no under arbeid.

Utforminga av transportpolitikken er retta mot to viktige mål:

- Transporttilbodet skal bidra til ei positiv verdiskaping og sikra robuste bustad- og arbeidsmarknadsregionar.
- Transporttilbodet skal bidra til å oppnå viktige miljøpolitiske mål og dekkja mobilitetsbehova til innbyggjarane.

Det vert lagt opp til at planen skal omhandla heile transportsystemet i fylket, inkludert transportformer der ansvar og verkemidlar ligg til andre forvaltningsnivå enn det fylkeskommunale.

Regional transportplan skal formulera mål, strategiar og retningsliner for ulike tema innanfor transportsystemet i fylket. For tema som er innanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde vil strategiane og retningslinene verta fylgde opp gjennom handlingsprogram og budsjettvedtak.

Planen skal og leggjast til grunn for statlege prosessar (t.d. NTP) – og i høve til kommunal arealplanlegging. Retningslinene i RTP vil ikkje vera rettsleg bindande slik som føresegner, men vil vera uttrykk for politiske prioriteringar gjort av fylkeskommunen. Det er elles vist til det som står om verknader av regional plan i plan- og bygningslova. Ein ser ikkje for seg at planarbeidet med RTP vil utløysa krav om konsekvensutgreiingar.

I planprogrammet er det sagt om rammer for planarbeidet og planstruktur som og kjem inn på status, utviklingstrekk og utfordringar.

I avsnittet om plantema, er planprogrammet relativt detaljert på utfordringar og utgreiingsbehov i det vidare arbeidet. Planprogrammet er og detaljert på korleis planarbeidet er organisert og korleis planprosessen skal gjennomførast.

Framdriftsplanen legg opp til at planen skal vedtakast i fylkestinget juni 2017.

### **Vurdering:**

Planprogrammet framstår som godt gjennomarbeidd – og gjev eit godt bilete av den prosessen som skal gjennomførast. Høyringsfristen var sett til 16.10.2015. Fristen er seinare endra til 27.11.2015. Det er lagt opp til at saksgruppa skal koma med framlegg til ein uttale frå Sund kommune.

Sjølv om saka handlar om godkjenning av planprogrammet, kan kommunen alt no gje innspel som vedrører sjølve planarbeidet.

Saka vert lagt fram til drøfting. Utkast til uttale vert laga til møtet.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Planen vert svært viktig for bruken av fylkeskommunale samferdselsmidlar. Det vedrører i stor grad tiltak som skal gjennomførast i kommunane.

### **Tilråding til vedtak:**

## **21.10.2015 Saksgruppe næring og utvikling**

### **SNU- 032/15 Vedtak:**

#### **Tilråding frå saksgruppe næring og utvikling:**

Sund kommune seier seg nøgd med at Regional transportplan Hordaland no skal rullerast. Framlegg til planprogram gjev etter kommunen si vurdering ei god ramme for den planprosessen som er vedtak om å gjennomføra.

Sund kommune vil alt no peika på:

FV 555 Kolltveit – Klokkarvik har blitt ein av dei mest trafikkerte fylkesvegane utanom Bergen. Reguleringsplanarbeid for å sikra ein betre vegstandard er igangsett med utgangspunkt i vedteken kommunedelplan Kolltveit – Austefjorden. I RTP-arbeidet bør det vurderast å ta inn heile dette vegstrekket i overordna fylkesvegnett. Ferjekaien i Austefjorden vert av Sund kommune vurdert som viktig av beredskapsomsyn.

Marin næring er i god vekst i Sund – og skapar store verdiar. Fiskerihamna i Porsvika er vedteke vidare utbygd. Vidare positiv utvikling er i stor grad avhengig av god infrastruktur for transport.

Ferjesambandet Klokkarvik, Lerøy, Bjelkarøy, Hjeljestad er sårbart med den infrastrukturen som er tilgjengeleg i dag. Kommunen ynskjer ei ny vurdering av eit fastlandssamband til øyane – ut frå det nye regelverket Stortinget har fastsett for ferjeavløysingsmidlar til fylkesvegsamband.

Sund kommune arbeider med utvikling av sin senterstruktur i kommuneplan og arealplanar. Kommunen ser at senterstrukturen er viktig for å styrka det gjennomgåande kollektivtilbodet. Samstundes er det ei utfordring å halda oppe eit offentleg kollektivtilbod til bygdene elles.

## **10.11.2015 Kommunestyret**

### **K- 101/15 Vedtak:**

Tilrådinga frå saksgruppe næring og utvikling vart vedteken samrøystes.